

Studenttinget 2016/2017

Referat 4. møte

Tid	30. november 2016 kl.17.00 – 19.05
Stad	Strøm 243
Til stades med stemmerett	AHL: Trym Nikolas Rimmen, Nikolai Bjørnevik Flisnes AMF: Sindre Reinholt, Bernt Inge Berge (gikk kl 18.45, sak 24) AKF: Christian Tang Christiansen, Herman Bjørneset Jensen ASH: Oda Skoglund, Silje Brekka FHV:; Guro Kvist, Toril Hagen, Liv Aaberg
Til stades utan stemmerett	Arbeidsutvalet: Karoline Strand (Leiar), Lisa S. Kalvø (Nestleiar / fagansvarleg), Håvard Bjørnerem (Informasjonsansvarleg), David Fiskaa (Velferdsansvarleg), Marie Havnsund (Entreprenør og Næringslivskoordinator) Andre: Nikolai Hannevik Nordlid (ordstyrar), Ina Flø (referent)

Sak 00 – 16/17 **Konstituering**

Arbeidsutvalet innstiller Nikolai Hannevik Nordlid som ordstyrar.

Innvendingar – Møta har sklidd ut i tid, ønsker derfor ikkje Nikolai som ordstyrar.

Vedtak: Fleirtalet bestemmer at Nikolai blir valt som ordstyrar.

Nikolai er heilt einig i at det har sklidd ut i tid, og vil bli strengare på dette i dag.

Taletid på 2 min på innlegg og 1 min på kommentar.

Sak 01 – 16/17 Godkjenning av innkalling og referat

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Ingen innvendingar

Vedtak: innkalling og referat er godkjent

Sak 02 – 16/17 Godkjenning av sakliste og dagsorden

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid

Ingen innvendingar

Vedtak: sakliste og dagsorden er godkjent

Sak 03 – 16/17 Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Arbeidsutvalet

Vi startar på årsmeldingane no. Det har vore mange spørsmål frå studentar. Høgskulen har blitt tatt for ein del formelle feil som dei no rettar opp i. I morgon prøvar vi å dele ut klementinar og kaffi til studentar. Kl. 13.00 Den som har tid kan bli med.

Høgskulestyret

Møte neste torsdag. Har ikkje fått sakliste der enda. Møte i januar skal det takast opp valt eller tilsett rektor. Høgskulen har fått akkreditert masterutdanninga for lærar.

SFS

Jan Henning har sendt inn søknad på finansiering av 120 nye studentheimar. Grunnen til at dei har valt å bygge før dei pussar opp er at dei må tømme blokka for folk før dei kan pusse opp. Det blir satt ein plan den dagen vi får finansiering.

Det er ikkje vedtak i orienteringssaker.

Sak 19 – 16/17 Møtekultur

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Marie Havnsund

Det er fleire frå Studenttinget som har kome for å ta opp dette temaet. Dersom vi skal på møte med NSO må vi tenke over korleis vi oppfører oss. Derfor kan det vere lurt å begynne å tenke på dette allereie no.

Forslag:

- Legge bort telefonen heilt dei to timane vi er på møte
- Sist blanda AU seg litt mykje inn i diskusjonen. Dette var litt dumt.
- Forslag om å endre måten vi sitte på. Dumt at tinget skal sitte å sjå på AU. Mange vil kanskje då ikkje tørre å seie det dei vil seie fordi dei er redd for reaksjonen.
- Det er viktig å holde seg til tema, og ikkje la det flyte ut.
- Forslag om at AU sitter blant Studenttinget. Kanskje sitte i ein sirkel.

Det er ikkje vedtak i diskusjonssaker

Sak 20 – 16/17 Forslag til neste års budsjett

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Karoline Strand

Spørsmål om å kunne gå igjennom rekneskapet for å sjå kva som er igjen?
Gikk kjapt gjennom kva som står igjen på dei ulike postane.

Er det mulig å vedta budsjettet i dag, men då ta eit budsjettmøte i januar der vi har rekneskapet?

Nytt forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner budsjettet for 2017, dersom dette blir tatt opp igjen i januar med utgangspunkt i rekneskapet.

Vedtak: Einstemmig vedtak for det nye forslaget.

Sak 21 – 16/17 Innspel til HVO på bruk av investeringsmidlar for komande år

Type sak: Vedtaksak
Sakshandsamar: David Fiskaa

Forslag:

- Smartboard. Mykje betre enn interaktive skjermar med touch funksjon.
- Møblement på alle bygg, spesielt Kaarstad.
- Resirkulering
- (Strømbygget – kanskje kan møblementet endrast på kort sikt oppussing?)
- Vatn stasjon
- Ny såpe som luktar godt, og papir på alle toalettet istadenfor håndtørkarane som er på mange toalett. Legge inn antibac på toaletta.
- Matstasjon på Kaarstad. – mikrobølgeovn, snurremaskin med bagettar eller liknande.
- Såpe med sensor på toaletta
- Trivselrom på høgskulen – eks. musikkrom for dei som ikkje studera musikk.
 - o Brakkehuset kan brukast til trivselrom
 - o VSI kan vere med å samarbeide med dette. Har allereie bordtennisbord, og snakkar om biljard, men har ingen plass å ha dette.

Matstasjon går ikkje under dette punktet, vi tek dette som ei sak på neste møte.

Forslag: håndsopprekking der du kan stemme på tre stk.

Vedtak : Ved handsopprekking

Prioritert liste vart:

1. **Vatn stasjonar**
2. **Trivselsrom**
3. **Smartboard**
4. **Møblement**
5. **Antibac**

Sak 22 – 16/17 Hyttetur

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Lisa S. Kalvø

Det blir hyttetur til helga. Vi skal vere på Nipehyttene rett utanfor Ørsta.
Må hugse sengetrekk.

Blir henta i 16 tida på laurdagen.
Lisa lagar ei pakkeliste på Facebook gruppa.

Vedtak: Ingen vedtak i diskusjonssaker.

Sak 23 – 16/17 Nye studentrepresentantar

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Lisa S. Kalvø

Forslag 1: å flytte denne saka til januar og ha representantane til stede slik det er enklare å stemme.

Forslag 2: vi stemmer dei inn på møte i dag, så får dei vere med på sosialt i helga, og stemmer igjen på første møte i januar kven som blir 1 og 2 vara.

Vi stemmer over kva for eit tilleggforslag vi setter opp som motforslag til det originale forslaget til vedtak.

Fleirtal for forslag nr 2.

Vi stemmer over forslag nr 2 mot original forslaget.

Fleirtal for original forslag til vedtak.

Karoline presenterer kven dei to kandidatane er.

Urneval

Vedtak: 1 vara blir Svend Andreas Asapas. 2. vara blir Mats Hjelmeland

Sak 24 – 16/17 Studentmeisterskap

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Christian Tang Christiansen

Bernt Inge måtte gå kl. 18.45

VSI har bestemt seg for å få til eit studentmeisterskap i felles haustferie 2017.
Det Christian ønsker hjelp til er organisering. Korleis gjennomføre innval av styre, og liknande.

Det vil bli arrangert studentleikar i Sogndal på omtrent same tid. Då vil dei få prioritet på ein del idrettar.

Kva ønsker dykk å oppnå?

- Det blir ei utfylling av Sogndal. Vi ønska å samarbeide med Sogndal om å få dette til å dekke mest mogleg av det som kan arrangerast.

Det er viktig å hå i nok frivillige til å arbeide.

Ein part du må alliere deg med er Sfs. Eli Anne har veldig god erfaring frå X2.

Skal du ha inn sponsorar må du byrje no. Stamina vil nok vere med på dette.

Bruk ditt eige styre som ansvarlege. Styre må dannast no.

Snakk med Dokfilm. Dei har vore flinke til å skrive opp kva dei har gjort tidligare.

Dersom du ønsker mange frivillige, må du tenke på at dei frivillige må få noko igjen for dette. Kvifor skal dei jobbe som frivillig?

Sak 25 – 16/17 Forslag til betre bruk av lesesalar

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Dersom dei skal bygge om eller endre bør dei legge opp til eigen inngang til lesesalane slik studentane har mulighet til å bruke disse utanom biblioteket sine opningstider.

På Høgskulen i Ålesund har dei tidslås på hyllene i biblioteket slik biblioteket er open. Då kan studentane fortsatt sitte i biblioteket å jobbe utanom opningstid.

Gjere om eine lesesalen til grupperom.

Alle klasserom er låst og det er få grupperom. Det er derfor veldig få plassar man kan sitte å jobbe med oppgåver.

Sak 25 – 16/17 Ymse

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Nikolai Hannevik Nordlid
